



Vinje
kommune



Interreg
North Sea Region
COM³
European Regional Development Fund



EUROPEAN UNION



com³

Behov og utfordringar

Oppsummering etter intervjurunde i januar/februar 2021

Introduksjon

- Denne presentasjonen inneheld ei oppsummering av ein intervjurunde med tolv verksemder frå Vinje som er med i COM3-prosjektet.
- Spørsmåla i intervjuet dreidde seg om tema som vart valt ut etter ei oppstartssamling i november 2020.
- Dei tolv intervjua vart gjennomført i januar og februar 2021, anten hjå verksemdene eller via videokonferanse.
- Oppsummeringa inneheld behov og utfordringar som gjeld for ei eller fleire av verksemdene som vart intervjua. Alle vil ikkje kjenne seg att i alle punkta, men alle bør kjenne seg att i nokre av dei.
- Verksemdene kom også med fleire løysingforslag, men desse er ikkje tatt med her. Løysingar blir vurdert i neste steg av prosessen.
- Denne oppsummeringa er berre eit første utgangspunkt for vidare arbeid. Behov og løysingar som blir identifiserte seinare i prosessen blir vurdert fortløpande. Dette inkluderer gode innspel frå eksterne partnarar.



*Vinje
kommune*



Interreg
North Sea Region
COM³
European Regional Development Fund



EUROPEAN UNION

Behov og utfordringar i enkeltverksemdar

Marknadsføring

- Ønskje om meir generell kompetanse innan marknadsføring
- Ønskje om meir spesifikk kompetanse og kapasitet
 - Kanalar og plattformer
 - Sosiale media, både grunnleggande og avansert/teknisk/siste nytt
 - Heimesider og nettbutikk
 - Andre eksterne kanalar (t.d. booking.com, Visit Telemark, Google osv)
 - Webanalyse, måling, kundedata
 - Pakketering, tilbod, meirsal
 - Innhaldsproduksjon – bilde, video, tekst (også fleirspråkleg)

Informasjonsteknologi

- Ønskje om meir kompetanse
 - Generell IT-kompetanse
 - Personvern
 - Informasjonstryggleik
- Ønskje om betre løysingar
 - Meir oppdaterte IT-system (til dømes epost, fillagring, internkommunikasjon)
 - Betre integrasjonar mellom system og færre tunge interne prosessar



Vinje
kommune



Interreg
North Sea Region
COM³
European Regional Development Fund



EUROPEAN UNION

Rekruttering og arbeidskraft

- Sesongvariasjon og ustabil arbeidskraft er ei stor utfordring for mange
- Fleire manglar kompetanse og opplever hard konkurranse (inkludert frå kommunen) innan visse yrke (til dømes resepsjonist, reinhaldar, kokk/bakar)
- Det er ikkje alltid jobb til sambuarar av aktuelle arbeidstakarar
- Utanlandsk arbeidskraft medfører ekstra utfordringar, slik som språk, bustad og transport til og frå arbeid
- Mange verksemder er for små til å ha spesialisert arbeidskraft (til dømes stolheisar)

com³
BUILDING COMPETENCIES FOR
COMPETITIVE COMPANIES



Vinje
kommune



Interreg
North Sea Region
COM³
European Regional Development Fund



Bedriftsutvikling

Ønskje om meir kompetanse og kapasitet på fleire område:

- Forretningsmodell
- Strategi
- Nye kundar og marknader
- Internasjonalisering
- Utnytting av skuldervesongar
- Utnytting av tilskots- og finansieringsordningar

com³
BUILDING COMPETENCIES FOR
COMPETITIVE COMPANIES



*Vinje
kommune*



Interreg
North Sea Region
COM³
European Regional Development Fund



EUROPEAN UNION

Behov og utfordringar i kommunen

Marknadsføring – felles portalar

- Det heilskaplege tilbodet i kommunen er ikkje synleg. Mange små verksemder, handverkarar og andre tenester er lite synlege.
- Det manglar ei god oversikt over aktivitetar, arrangement og opplevingar (til dømes gardsbesøk, kunstnarbesøk osv)
- Handelstilbod (til dømes i Åmot) er ikkje synleg
- Det manglar god booking-funksjonalitet
 - Ulike typar produkt og tenester (aktivitetar, arrangement osv)
 - Felles betaling og "handlekorv"

Marknadsføring

- Sterkare identitet for kommunen som heilskap
- Meir vertskapstankegang blant alle som møter turistar, hyttefolk og folk som reiser gjennom Vinje
- Fleire lokale arenaer der til dømes produsentar kan vise seg fram
- Felles infoskjermar/digitalt turistkontor
- Fleire stoppeeffektar langs E-134 (til dømes hotelltomta i Åmot)
- Strategi for å få reisande til å bli nokre dagar ekstra i Vinje

Samhandling

- Betre samhandling i kommunen som heilskap. Kulturbygging. Unne kvarandre suksess.
- Meir og tydelegare kommunikasjon og engasjement frå kommunen. Vere samlande, få flest mogleg med, sparke litt bak.
- Manglande felles tankegang, retning, strategi, raud tråd (til dømes reiselivsstrategi som svarar ut kva rolle Visit Telemark skal ha osv)
- Næringslaga: Manglande deltaking, engasjement og representasjon. Tungt å drive, dugnadsbasert. Manglande forventningsavklaring når det gjeld servicenivå.
- Ønskje om meir sektor/bransjesamarbeid (til dømes sommarturisme, vinterturisme, matproduksjon, skiutleige). Ein plass å drøfte små og store utfordringar.
- Utvikling/synleggjering av fleire aktivitetar, spesielt på sommaren (til dømes Ormetjønn, klatrevegg Haukeli osv)